

Til
Saksførebuaude utval
Fellesnemnda

KRAV OM ØKONOMISK STØTTE TIL SAMANSLÅING AV ARBEIDSTAKAR- ORGANISASJONANE SINE LOKALLAG

På vegne av alle arbeidstakarorganisasjonane som er involverte i prosessen med bygginga av Alver kommune, vil eg med dette krevje økonomisk støtte til samanslåinga av organisasjonane sine lokallag.

I utgangspunktet meiner vi at dei millionane som er avsett til kommunesamanslåing i minst mogleg grad bør gå til andre ting enn det som har med sjølve bygginga av Alver kommune å gjere. Men, når politikarar i Fellesnemnda har fremma forslag om at det skal avsetjast pengar til samanslåing av dei politiske partilaga, krev arbeidstakarorganisasjonane å bli handsama likt.

Dersom Fellesnemnda vedtek at dei politiske partia skal få økonomisk støtte til samanslåing, må Fellesnemnda òg vedta at arbeidstakarorganisasjonane får tilsvarande støtte. Vi oppmodar Fellesnemnda til å stemme nei både til partistøtte og til vårt krav.

Knarvik 23.april 2018

Jarle Næss
Koordinerande hovudtillitsvald